



Viltforvaltar Leiv Trygve Varanes har sendt ei streng puring

Eit av jaktvalda i Uskedalen har ikkje sendt inn fellingsrapport og fått ei streng puring frå viltforvaltar Leiv Trygve Varanes. Han ber om at rapporten blir sendt til han inn snarast og seinast innan ei veke frå 10. januar. Varanes minnar om at rapporten er lovfesta og skal sendast inn innan 10 dagar etter at jakta er slutt.

Varanes skriv at om den ansvarlege for valdet ikkje held rapportfristen, og etter ein skriftleg puring frå kommunen framleis ikkje har sendt han inn, kan vedkommande meldast til påtalemakta og straffast etter viltlova.

Dette gjeld også om det ikkje er felt dyr.

Kommunen skal på si side innan 30 dagar etter siste jakt dagen rapportera jaktresultatet for statistisk bruk.

Viltforvaltaren minnar også om at kommunen ved løyvetildelinga har stilt krav om at det blir sendt inn skjema for sett hjort og at underkjeve

frå alle felte dyr og livmor med 2 eggstokkar frå vaksne koller
vert levert inn.

Av Ola Matti Mathisen